

Møtereferat

Til stades:	Terje Lohndal (leiar), Linn Okkenhaug Getz, Randi Solheim, Vikas Thakur (video), Anders Ulstein, Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Wolf Ludwig Kuhn, Thor Bjørn Arlov (sekretær/referent), Julie Flikke (observatør)		
Forfall:			
Kopi til:	Prorektor forskning		
Gjelder:	Utval for revidering av NTNUs språkpolitiske retningslinjer (Språkpolitikkutvalet), 5. møte		
Møtetid:	Måndag 14.03.2022 kl. 13.00-15.00	Møtestad:	Digitalt (Teams)
Signatur:			

1. Innkalling og sakliste

Det var innkalla til møte i e-post og i Teams-kanalen til utvalet. Det var ingen merknader til innkallinga. Referat frå førre møte var sendt ut tidlegare og godkjend.

SAKSLISTE

Sak	Innhald
1.	Innkalling, referat og dagsorden - Referat på Teams
2.	Orienteringer ved Terje og Thor Bjørn
3.	Status for webinaret 24. mars - Innsendte spørsmål ligger på Teams - Praktisk informasjon om webinaret ved Thor Bjørn
4.	Tiltak og oppfølging – innledende drøfting - Matrise for tiltakspunkter ligger på Teams
5.	Eventuelt

2. Korte orienteringar og oppdateringar

- Terje viste til at han hadde fått spørsmål frå ein tidlegare studentrepresentant i Utval for likestilling og mangfald om korleis utvalet vil behandle samisk. Han svarte at utvalet har vore i kontakt med Språkrådet og har drøfta spørsmålet.

Postadresse	Org.nr. 974 767 880	Besøksadresse	Telefon	Sakshandsamar
7491 Trondheim Norway	postmottak@ntnu.no www.ntnu.no	Høgskoleringen 1 Hovedbygningen	+47 73595000	Thor Bjørn Arlov thor.arlov@ntnu.no Tlf: 90635072

- Terje er blitt intervjuet i Khrono ([publisert 15.03.2022](#)) blant anna om kompetansekravet om å lære seg norsk på to år.

3. Status for webinar 24.3.

Thor Bjørn gjorde greie for førebuingane til webinarret om språkval på NTNU torsdag 24. mars.

- Oppslag i [Universitetsavisa](#) publisert 02.03.
- Innsidamelding er oppdatert med påmeldingslenke til webinarret
- Det er få innkomne spørsmål til no – sjå Excel-arket på Teams.
- Praktisk informasjon for deltakarane:
 - Oppmøte på Akrinn seinast kl. 11.00 for panel 1, seinast kl. 12.00 for panel 2.
 - Webinarret blir strøyma på Zoom, påmelding via lenke (Innsidamelding)
- Opptak av webinarret blir publisert på NTNU sin YouTube-kanal

Randi gjorde merksam på eit webinar i regi av Nynorsksenteret og formidla lenke til det.

4. Tiltak og oppfølging

Til møtet var det laga eit utkast til tiltaksmatrise der leiar hadde starta med nokre forslag med tiltakspunkt. Eit mogleg overordna tiltak er etablering av eit senter som kunne tilby rettleiing, oversettingshjelp, språkkurs og anna. Terje viste til at HF-ISL tidlegare hadde laga eit forslag om eit slikt senter, men at dekanmøtet ikkje hadde vore positiv til tanken. I diskusjonen kom disse momenta fram:

- Sentrale ressursar kan av og til verke mot si hensikt ved at det fritar fakultet og institutt for ansvar. Kanskje ikkje det viktigaste tiltaket.
- Det er ikkje enkelt å vere eit lite senter, jf. UNIPED. Kor stort må eit senter vere for å vareta alle oppgåver? Rekruttering av folk vil vere eit problem.
- Språkrådet har ikkje kapasitet, mange institutt manglar både kapasitet og kompetanse på språkfeltet.

Utvalet konkluderte med at det ikkje er aktuelt å foreslå eit språksenter som tiltak no.

Utvalet drøfta dei tiltaksforslaga som var lagt fram og gjorde framlegg om endringar og tillegg.

Blant kommentarane var desse:

- *Allmenne prinsipp*: Institutta må følgje opp språklege rettar til studentar og tilsette, jf. lova. Fokus på eksamensmålform. Det må finnast system for å melde og registrere avvik, t.d. i KASPER. Omgrep som parallellspråklegheit, norsk, klarspråk o.l. må forklarast i forordet. Tilrettelegging av/for språkopplæring er viktig tiltak.
- *Utdanning*: Må ha rutinar for at samandrag blir *del* av eksamen/avhandling.

- *Forsking:* Det må vere ein infrastruktur for å lage norske samandrag av avhandlingar. Tilbod om noko norskopplæring også for mellombels tilsette, lik praksis fakulteta imellom. Tydeleggjere rettar og plikter.
- *Administrasjon osv.:* Viktig å kartlegge tilstand med omsyn til språkbruk og stille kompetansekrav om t.d. nynorsk.
- *Oppfølging:* Eit permanent utval skal ikkje ha forvaltningsoppgåver. Sjå på moglege tiltak for insentivering av språkkompetanse.

Leiar innarbeider endringsforslag i eit revidert utkast med ny struktur som blir lagt ut i Teams-kanalen.

6. Eventuelt

- Det var inga saker til Eventuelt. Utvalet var godt nøgd med møtet.
- Neste møte (fysisk) er heildags, fredag 22. april kl. 09.00-16.00. Førebels innkalling er sendt ut, sakliste kjem før påske, siste møtepapir kjem tysdag før møtet.